



Ove G. Hvidsten
Haaland
5911 Alversund

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2007/1190 - 11892/2007	Mikal Krossøy - 56 37 56 30	143/1	20.06.2007

Delegert sak.

Søknad om jord/steintipp - gnr 143/1 Håland - Ove G. Hvidsten

Saksdokument: Søknad om jord/steintipp dagsett 10.05.07.
Kart i mål 1:1000.
Skriv til høyringsinstansane d. 21.05.07.
Skriv frå Fylkesmannen d. 07.06.07.
Skriv frå fylkeskonservatoren d. 08.06.07.

Søknaden gjeld påfylling av stein- og jordmassar på 3 teigar. Teig 1 og 2 er søkk på ca. eller knapt 1 daa kvar. Føremålet er lettare drift. Teig 3 er utfylling av eit større søkk eller skråning på ca. 3 daa. Det går ein bakkemur nede i søkket. Under synfaring vart det sissert at fyllinga vil koma høgare enn noverande gardsveg. Føremålet er fundament for mogeleg utviding av driftsbygningen.

Garden ligg i *Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF)* i kommuneplanen. Innmarka er noko kupert og skrånande.

Saka er sendt til høyringsinstansane på vanleg måte. - Fylkesmannen kjenner ikkje til særskilde miljøverdiar i området, men føreset at arbeidet vert gjennomført etter godkjent plan. - Fylkeskonservatoren kjenner ikkje til kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Dei peikar på at fyllinga ikkje må gjera skade på viktige kulturlandskapstrekk, og at ein må ta omsyn til Kulturminnelova § 8.

Vurdering.

Kommunen meiner i utgangspunktet at planering av kupert areal og heving av lågtliggjande areal er positivt for kulturlandskapet. Det er ein føresetnad at arbeidet vert utført slik at det vert fullverdig jordbruksareal etter inngrepet. Då vert arealet lettare å driva. Hausting ved slått og beite gjev eit meir velstelt landskap.

Inngrepet må vurderast i høve til gjeldande lover og forskrifter. Vi finn det naturleg å vurderer søknaden i høve til ”*Forskrift om anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt*” og ”*Plan- og bygningsloven*” (PBL) § 93.

Planeringsforskrifta er utforma med tanke på planering av morenemassar. Det er ikkje situasjonen her. Forskrifta er laga i medhald av forurensningslova og ein må vurdere tiltaket i høve til dette.

Planeringsforskrifta krev at det vert lagt fram plan for arbeidet. Planen skal godkjennast av kommunen. Etter PBL vert det også kravt plan, og det skal vera ansvarshavande for tiltaket.

I denne saka er påfylling av teig 1 og 2 utan konflikhtar. Det vil gje meir lettdrive areal utan skjemmaende endring i kulturlandskapet. Oppfylling av teig 3 vil verta svært omfattande og gje store og truleg negative endringar i kulturlandskapet. Det vil også verta fylt over ein fin bakkemur nede i søkket. Før det vert teke stilling til dette prosjektet, må det eventuelt leggjast fram plan for oppfylling og plan/skisse for utviding av driftsbygningen.

Vedtak:

Ove G. Hvidsten får løyve til å ta imot stein- og jordmassar for å heva jordbruksarealet på ca. 2 daa på gnr. 188, bnr. 6. Dette gjeld teig 1 og 2. Det vert sett følgjande vilkår:

- Det skal utarbeidast plan for arbeidet. Kommunen skal godkjenna planen før arbeidet tek til.
- Arbeidet må utførast slik at det ikkje vert skadeleg avrenning under arbeidet eller etterpå.
- Dersom det kjem fram konstruksjonar eller liknande som kan vera automatisk freda, må arbeidet stansast og kulturminnevernet få melding, jf. Kulturminnelova § 8.
- Søkjar vert godkjent som ansvarshavande for tiltaket.
- Arbeidet skal vera avslutta og arealet tilsådd seinast 1. september 2010.
- Kommunen skal ferdiggodkjenna tiltaket.

Det vert ikkje gjeve løyve til fylling av teig 3.

Vedtaket har heimel i Forskrift om anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt og Plan- og bygningsloven § 93.i.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr Lov om off. forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Mikal Krossøy
fagleiar landbruk

Vedlegg: Kopi av brev frå Fylkesmann og fylkeskonservator.

